

Mer om dinosaurar på nysgjerrigper.no

- Lær om fossilar i «Forskerfabrikken: Fossile oppdagelser» eller bruk søkjeordet: fossil



Fossilt fotavtrykk frå ein *Velociraptor*.

Krafsekamp hos dinosaurar

Fossil hjelper forskarane med å fortelje historia om dinosaurane.

TEKST: IRENE INMAN TJØRVE

Dinosaurane levde for veldig lenge sidan. Alt som er igjen av dei, er fossil. Det er vanskeleg for oss å finne ut nøyaktig korleis dei såg ut, og endå vanskelegare å finne ut korleis dei levde. Forskarane er kjempeflinke til å granske alle slags fossil og førestille seg kva dei betyr.

Fuglane sine forfedrar

Fossila har vist oss korleis dinosaurane var oppbygde, og at dei hadde skjel-

kledd kropp. Nokre hadde også fjører, og dei la egg. No veit vi at dei var forfedrane til fuglane. Vi kan derfor tenkje oss at mange dinosaurar oppførte seg ganske likt fuglar på mange måtar. Vi veit at nokre av dei hekka i store koloniar, akkurat slik mange sjøfuglar gjer i dag.

Laga groper

No har forskarar funne nokre fossile groper i bakken i Colorado i USA. Dei

er laga av tretåa dinosaurar som liknar på *Velociraptor*. Forskarane trur at hannane krafsa dei ut for å gjere seg til for hoene – kanskje for at hoene skulle sjå kor sterke dei var. Strutsar og nokre andre fuglar gjer det same i dag. Kanskje samla hannane seg på kamp-plassar, akkurat som ein orreleik i dag, og krafsa for hoene som kom for å sjå på. Hoa kunne velje seg den hannen ho syntest var flinkast til å grave.